

### **Høyringsuttale «Nasjonal traumeplan»**

Traumeutvalet ved Volda sjukehus har drøfta høyringsutkastet til revidert Nasjonal traumeplan og har følgjande kommentarer:

I Nasjonal traumeplan opererer ein med to sjukehusnivå i traumeberedskapen, traumesenter og akuttstjukehus med traumefunksjon. Volda sjukehus er eit lokalsjukehus med kirurgisk akuttberedskap som i foretaket sin traumeplan ikkje er definert som traumesjukehus. Vi tek likevel i mot 40-60 traumepasienter i året. I valget mellom traumesenter og akuttstjukehus med traumefunksjon, er det definert ei grense på >45 min for val av akuttstjukehus framfor traumesenter. Med tanke geografiske tilhøve og utfordringar knytt til klima, er det etter vårt syn viktig at det i Nasjonal traumeplan også seiast noko om kva eit traumesystem skal innehalde for dei pasientane som har lang reiseveg både til traumesenter og akuttstjukehus med traumefunksjon. Mange pasienter får til dels lang og krevjande transport også til akuttstjukehus med traumefunksjon. Nasjonal traumeplan kunne med fordel gitt anbefalingar om at lokalsjukhus som oppfyller innhaldsanbefalingane til traumesjukehus, skal definerast som dette. I dag vert Volda sjukehus definert ut av traumesystemet trass i at det er fungerande traumeteam 24/7 og traumeteamet oppfyller dei fleste av anbefalingane som vert lista opp i traumeplanen. I forhold til geografi er det og problemstillingar knytt til foretaksgrenser. I randsoner mot naboforetak, vert pasienter ofte transportert lengre enn naudsynt fordi næraste sjukehus er i anna foretak. Dette skjer også i traumesituasjonar. Av omsyn til pasientane, bør det etter vårt syn seiast noko om dette i Nasjonal traumeplan.

Nasjonal traumeplan trekk fram Luftambulansse og legebil som ressursar ved lang veg til traumesenter. Det er viktig å understreke at både helikopter og legebil er ustabile ressursar. Helikopter er usikkert både i forhold til vær og bestemmelser knytt til flytid. Dette erfarast relativt ofte ved vårt sjukehus. Når det gjeld legebil, er denne knytt til luftambulanssebasane og er primært ein ressurs i nærområdet til basen.

I kriterier for å mistenke alvorlig skade savnes følgjande:

- Død i samme køyretøy. Dette har tidlegare vore med i traumekriteriene.
- Kriterier for fallskader. Erfaring viser at mange fallskader frå mindre høgde kan gje alvorleg skade.

- Skiulykker.
- Rus bør inn som eit kriterie under spesielle forhold.

Traumeutvalet ved Volda sjukehus

Erlend Bae  
Traumekoordinator

---

**Telefon:** Molde/Kristiansund: 71 12 00 00  
Ålesund: 70 10 50 00  
Volda: 70 05 82 00

**Postadr:** Postboks 1600  
6026 Ålesund  
**Internett:** [www.helse-mr.no](http://www.helse-mr.no)  
**E-post:** [postmottak@helse-mr.no](mailto:postmottak@helse-mr.no)

**Org.nr:** 997005562